

**«STOLTE
SETUASJONER»**

HARALD FENN
LARS KORFF LOFTHUS
BENTE LOUISE AAS
INGRID TOOGOOD
PATRIK ENTIAN
CHRISTINE HANSEN
AAGE ENGESETER
ARVE RØD
MONA GJESSING
LINE ULEKLEIV
ALEKSI WILDHAGEN
FRODE GRYTTE
ERLEND NØDTVEDT
LEANDER DJØNNE
ANNE VIKEN?
ARILD H ERIKSEN



**«STOLTE
SETUASJONER»**

HARALD FENN
LARS KORFF LOFTHUS
BENTE LOUISE AAS
INGRID TOOGOOD
PATRIK ENTIAN
CHRISTINE HANSEN
AAGE ENGESETER
ARVE RØD
MONA GJESSING
LINE ULEKLEIV
ALEKSI WILDHAGEN
FRODE GRYTTE
ERLEND NØDTVEDT
LEANDER DJØNNE
ANNE VIKEN?
ARILD H ERIKSEN

FORORD ⁷ ARILD H ERIKSEN

**TURISME OG
NASJONSBYGGING
I NORGE** ¹⁰ AAGE ENGESETER

**HARDANGERS
BESKRIVELSE** ¹⁶ ERLEND NØDTVEDT

Segla inn i ein fjord. ¹⁸ LEANDER DJØNNE

Landskap speglar seg.

Sjå seg sjølv.

Forstå eit fjell.

Har ein fyrst reke av garde, kjem ein aldri heim.

**HARDANGERSAKEN OG
VISUALISERINGEN AV ET
NASJONALT LANDSKAP** ²⁰ CHRISTINE HANSEN

**NASJONAL-
ROMANTIKKEN 2.0,
EIN PHOTOSHOPPA
SOME-VERSJON** ²⁸ ANNE VIKEN

**HARDANGER-
FJORDEN, BABY** ³⁰ FRODE GRYTTE

³² LARS KORFF LOFTHUS

**DEN INDRE
TOPOGRAFIENS
FORRANG** ³⁶ MONA GJESSING

³⁸ BENTE LOUISE AAS

**DET ILLUSORISKE
BILDET** ⁴⁰ LINE ULEKLEIV

⁴² INGRID TOOGOOD

ET STED I DET BLÅ ⁴⁶ ALEKSI WILDHAGEN

⁵⁰ PATRIK ENTIAN

HARALD FENN ⁵⁴ ARVE RØD

⁵⁶ HARALD FENN

FORORD
ARILD H ERIKSEN

Utgitt av Kabuso og Nordisk kunstnarsenter Dale
ISBN: 978-82-92965-03-0

Grafisk design: Jorunn Småland
Korrektur: Olav Grinde
Trykk: Bodoni

Boken er støttet av:

TURISME OG NASJONSBYGGING I NORGE

AAGE ENGESÆTER

Nasjonen Norge vart skapt på 1800-talet. Lausrivinga frå Danmark og etableringa av ein eigen norsk stat gjennom Grunnlova i 1814 var det konkrete utgangspunktet. Den nye staten vart tvinga i union med Sverige, og gradvis vart denne staten ein nasjon, med ein eigen kultur og ein norsk nasjonal identitet. Ideen om nasjonalstaten var knytt til ideologien nasjonalismen, og var europeisk tankegods, med sterke røter i den franske revolusjonen og kraftig stimulert av dei etterfølgjande Napoleonskrigane. Unionen mellom Sverige og Norge var òg eit resultat av desse krigane, og noko som i seg sjølv styrka den norske nasjonalismen.

Fenomenet *turisme* utvikla seg òg på 1800-talet. Dette var eit internasjonalt fenomen, som fekk stadig større omfang utover dette hundreåret, også i Norge. Både nasjonalismen og turismen kan betraktast som sider ved den allmenne moderniseringa, men kan ein ut over dette sjå nokon samanheng mellom dei to fenomen? Eg trur vi kan det, og at samhengane finst på fleire plan. Her skal vi reflektera litt over dette med utgangspunkt i historia på 1800-talet.

«OPPDAGINGA AV NORGE»

Det som ofte vert kalla «oppdaginga av Norge», står sentralt både i reiselivshistoria og i historia om nasjonen Norge. Omgrepet viser til norske akademikarar og kunstnarar si oppdaging og utforsking av sitt eige land frå ca. 1820 og utover. Kjennskapen til fjellheimen, til Vestlandet og til Nord-Norge var liten hjå byborgarskapet i Christiania, og sjølvstog endå mindre i utlandet.

Kunstnarane og akademikarane som no tok til å utforska sitt eige land, kan knapt kallast turistar, for dei reiste med vitskaplege føremål, eller dei reiste for å måla og skaffa seg motiv. Dei var likevel viktige forløparar for turismen, for dei kartla landskapet, syntet fram i bilete og gjorde det kjent. Rune Slagstad seier det slik: «Landskapet ble kartlagt med et objektiverende dobbeltblikk: landmålerens instrumentelle og malernes estetiske blikk.»¹ I Norge fekk både opplysningsrasjonalitet og romantikk gjennombrøtet sitt samtidig, i 1830- og 40-åra, begge delar som uttrykk for modernitet, meiner Slagstad.²

Den danske Johannes Flintoe (1787–1870) var pioneren blant målarane. Hans første reise i det norske landskapet gjekk frå Christiania til venen Gerhard Munthe sin heimegard i Kroken i Sogn i 1819. Same året drog den finlandssvenske Wilhelm Maximilian Carpelan frå Christiania til Bergen. Dei laga begge bilete frå desse turane, og året etter vart bileta deira vist på ei kunstutstilling i Christiania, der kunstpublikumet i hovudstaden for første gong fekk sjå bilete frå «Bergens Stifts vildeste og mest maleriske Fjeldegne» og som dokumenterte «Naturens Særegenheder i disse saavel for Naturgrandskeren som Kunstelskeren, saa høist mærkverdige, men hidtil saa lidet bekjente Egne».³

Snart følgde ei rekkje målarar i desse førroman-tiske kunstnarane sine fotefar: Munthegarden vart opphaldsstad m.a. for J.C. Dahl og Thomas Fearnley, Hans

Fredrik Gude og Adolph Tidemand, og sognelandskapet fekk ein sentral plass i den nasjonalromantiske kunsten.

Denne kunsten spela ei viktig rolle både i nasjonsbyggingsprosjektet og i utviklinga av turismen. Biletkunstnarar – og seinare fotografar – var dei som skapte biletet av Norge; det biletet som vart ein del av vår nasjonale identitet, og det biletet som vart brukt til å marknadsføra landet som reisemål for utanlandske turistar.

NATUREN OG ROMANTIKKEN

Naturen vart eitt av dei viktige konstituerande elementa for norsk nasjonalidentitet. Det var naturen vi hadde, ikkje monument, slott og festningar. «Hytter og hus og ingen borg», skreiv Bjørnstjerne Bjørnson i diktet «Norge, Norge», som elles sidestiller nasjonen Norge med den norske naturen:⁴

Den måten som både kunstnarane og forfattarane no framstilte naturen på, var ny. Tidlegare var den ofte ugjestmilde norske naturen betrakta som barbarisk, rå, skremmande og usivilisert. Ein representant for dette natursynet var amtmann G.P. Blom som i 1830 gav ut boka *Bemærkninger paa en Reise i Nordlandene og igjennem Lapland til Stockholm i Aaret 1827*. Her vert t.d. Lofoten omtala slik:

*«Lofoten er saa blottet for Naturskjønhed som vel muligt. De steile, høie Klipper gaae lige ned i Havet og lade kun sjelden Plads for eet eenligt Hus ...Hvilket af disse Steder der er det Smukkeste kan ikke blive Spørgsmaal om, men det styggeste er uegtelig Sund i Flagstad Sogn,I hvor styg Lofotens østre Kyst er, saa overtræffes den dog i Raahed af den vestre».*⁵

Det var romantikken sitt natursyn som gjorde det mogleg å gjera den norske naturen til identifikator og symbol for den nye nasjonen, og det var romantikken sitt

natursyn som gjorde den norske naturen og Norge til attraktivt reisemål for utanlandske turistar, i første omgang engelske.

FJELLA OG DEN NORSKE IDENTITETEN

Dei norske fjella vart særleg nær knytt til den framveksande norske identiteten: Då Riksforsamlinga på Eidsvoll vart avslutta 20. mai 1814, tok representantane kvarandre i hendene, danna ei brorskapskjede og ropte «Enige og troe, indtil Dovre falder!». Der samanhengen mellom biletkunst, nasjonsbygging og turisme kanskje er tydelegast, er nettopp i oppdaginga og bruken av fjellet, framfor alt Jotunheimen. Dette fjellområdet var så godt som ukjent for andre enn lokalbefolkninga før kunstnarane og vitskapsmennene gjorde sitt inntog der i 1820-åra. Frå denne «oppdaginga» på 1820-talet til Jotunheimen vart «vandreturismens nasjonale danseslandschap», tok det 50 år. Det var i dei tre siste tiåra av 1800-talet at fjellet vart verkeleg turistmål for norsk borgarskap. Gjennombrøtet for denne borgarlege fjellvandringsturismen vart symbolisert gjennom Den Norske Turistforening (DNT), skipa i 1866. Dei viktigaste føremåla til DNT skulle vera å stå for «Forfattelse af nøjaktige Rejseruter og Karter for Turister» og «lette Adgangen til Steder der i sær Grad udmærke sig med Naturskjønhed og tillige Opførelse af Hytter». DNT signaliserte ein ny livspraksis, å vandra for vandringas eiga skuld og å vandra for å sjå «Naturskjønhed».

I dei same åra vart norske fjell – særleg Jotunheimen – «The Northern Playground» for engelske fjellvandrarar og klatrarar. Dei var nok i liten grad kjende med norsk biletkunst og det norske akademiske borgarskapet sine kartleggingar, men kjende landet frå sporadiske reiseskildringar av tidlege engelske turistar. Det vart utgitt ein del slike i 1820- og 30-åra. Nokre hadde fokus på laksefiske i norske elvar, og den boka som fekk størst

betydning for engelske klatrarar og fjellvandrarar, var William Henry Breton si bok *Scandinavian Sketches: Or, A Tour in Norway*, frå 1835. Den mest kjende av dei engelske fjell- og klareturistane var utan tvil William Cecil Slingsby, som besøkte Norge 21 gonger mellom 1872 og 1921 – i den same tida som den norske fjellheimen endra karakter frå «nyttelandskap» til «nytingslandskap».

ULIKE BILETE AV NORGE

Det var såleis ikkje berre nordmenn som kartla og «oppdaga» landet på 1800-talet. Norge vart også oppdaga av utlendingar, og beskrive gjennom eit utal reiseskildringar, dei fleste engelske. I løpet av hundreåret kom det ut om lag 200 engelske reiseskildringar – «travelogues» – frå Norge. Ein kan sjølv sagt ikkje skjera dei alle over ein kam, men hovudbiletet av Norge som desse skapte, var av eit primitivt, usivilisert, eksotisk og for dei framandt samfunn, som stod i sterk kontrast til deira eige siviliserte og moderne England.⁶ Eit interessant spørsmål er korleis dei engelske reiseskildringane si framstilling av Norge samsvara med biletet nordmennene sjølve ynskte å visa fram.

Systematisk reklame for turistlandet Norge av noko omfang starta ikkje før i dei siste tiåra av 1800-talet. Eit illustrerande døme på dette er publikasjonen «Norway Illustrated», utgitt av Ed.B. Giertsen i Bergen i 1888 og 1889. Dette var annonsefinansierte, påkosta gratispublikasjonar retta mot den engelske marknaden. Her var xylografiske landskapsbilete og opplysande tekstar om alt frå norsk historie til dagsaktuelle tema som hygiene, kunst og kultur. Hovudbodskapen var at Norge var eit sivilisert og kultivert land, og ikkje det primitive og barbariske det vart framstilt som av engelske kronikørar. I den første utgåva vart det eksplisitt sagt at eitt av måla med publikasjonen var å retta opp det

skeive inntrykket mange utanlandske reiseskildringar hadde gitt av landet.

TURISME VERT NÆRING

Det var andre halvdel av 1800-talet som eigentleg markerte starten på turismen i Norge, og det var då det vaks fram noko vi kan kalla for «reiselivsnæring». Landet tok til å verta knytt saman på nye måtar, med dampskipsruter og jernbane. Dampskip revolusjonerte utlendingars moglegheiter til å koma til Norge. Det organiserte skyssvesenet voks òg kraftig i desse åra. 1847 var det 22 faste stasjonar som hadde hestar og karjolar i beredskap; ti år etter var det over 200 faste stasjonar. 1854 blei jarnbana opna mellom Christiania og Eidsvoll. I korrespondanse med dampskip på Mjøsa nådde ein Lillehammer på dagen. Dei andre store innsjøane fekk òg sine dampskip, og private og halv-offentlege selskap tok til å trafikera vestlandske fjordar. Moderniseringa av kommunikasjonane var både ein del av nasjonsbyggingsprosjektet og ein avgjerande føresetnad for at turismen kunne få noko omfang.

Pioneren for utviklinga av ei norsk reiselivsnæring var ein engelsk mann, Thomas Bennett. Han kom til Christiania i 1848, først som sekretær ved det britiske generalkonsulatet. Som konsulatsekretær hjelpte Thomas Bennett britiske besøkjande med reiser og opphald i Norge, og det heldt han fram med etter at han starta eigne forretningar. Han møtte dei på kaien, laga reiseruter for dei, hjelpte dei med bestillingar, ordna med tolkar og reiseførarar. Dette gjorde han gratis, forteneite fekk han ved og selja varer og utrustning til dei, og ved og leiga dei vogner og hestar.

Verksemda til Bennett utvikla seg gradvis til eit verdsomspennande reisebyrå. Bennett organiserte turar og reiste oftast sjølv rutene før han anbefalte dei, i Bennetts «Handbook for Norway», utgitt frå 1859. Utan-

landske turistar føretrekte sjølv sagt hotell og Gjestgiveri som Bennett kalla «good, very good eller exquisite». Slik bidrog han til å heva kvaliteten på overnattingsstadene. Han skreiv også lommeparløren *A Selection of Phrases for Tourists Travelling in Norway*.

LANDSKAPSFOTOGRAFANE

I andre halvdel av 1800-talet vart det biletet av Norge som målarane hadde konstituert frå 1820 og utover, vidareutvikla av fotografar – «ljoskrivarar», som Aasmund Olavsson Vinje kalla dei.⁷ «Det ville, barbariske og urørde fekk si første visuelle bearbeiding i topografane sine skissebøker, vart vidareført som prospektkunst, gjennomgjekk den definitive lutringsprosessen innanfor nasjonalromantikken sine nye paradigme der naturen tek til å verte oppfatta i landskapstermar, for endeleg å verte fanga inn som del i det moderne turistprosjektet gjennom kameranlinja», skriv Oddlaug Reiakvam.⁸ Desse tidlege landskapsfotografane produserte bilete for den nye turismenæringa, samstundes som dei var svært viktige bidragsytarar i konstruksjonen av det norske. Den viktigaste av desse tidlege fotografane var Knud Knudsen (1832–1915). Mange vil hevda at han slutførte konstruksjonen av Jotunheimen som opplevingslandskap og nasjonalt symbol gjennom sine fotografi, tekne på to «ekspedisjonar» i 1870- og 80-åra. Fotografane sine val av utsynspunkt og kameravinklar iscenesette landskapet, og synte publikum kva som var sjåverdig. Dei ville stein- og bergmassiva i Hurrungane, som tidlegare hadde vorte omtalte som «en til evig død stivnet natur», «nogle forfærdelige fjeldkupper» og «disse ørkenenes evige eneboere»,⁹ vart no endeleg transformerte til nasjonale ikon og estetiserte til vakre og attraktive landskap.

Det var turismen som var grunnen til at Knudsen og hans etterfølgjarar produserte fotografi av fjelland-

skap, fjordlandskap og – meir eller mindre – konstruert folkeliv. Knud Knudsen sine fotomotiv fann han langs dei mest nytta turistrutene, der kundane hans ferdast. Turistmarknaden vart styrande for kva bilete av Norge som kom til å symbolisera det norske.

FORTIDSROMANTIKK

Det som først og fremst bind nasjonsbyggingsprosjektet og turismen saman, er deira felles store fokus på den norske naturen. Det var den same naturen – fjella, fjordane og midnattssola – som var så viktig for konstitueringa av det norske, som også lokka utanlandske turistar til Norge. Slik var det på 1800-talet, og slik er det no.

Men òg eit anna fenomen knytte turismen og nasjonsbygginga saman, fascinasjonen for landets «glorriøse» fortid, først og fremst vikingtida og vikingane. Det å gi den nye norske staten ei eiga historie vart ein viktig del av nasjonsbyggingsprosjektet. Norske historikarar vende seg mot mellomalderen og det som vart oppfatta som den norske stordomstida for å knyta banda mellom den nye staten og det gamalnorske. Vikingtida fekk ein særleg stor plass i denne nasjonalhistoria, og vikingane vart gjorde til eit slags nasjonalsymbol med heltestatus. Denne heltedyrkinga av vikingtida toppa seg med Vidkun Quisling sitt parti, Nasjonal Samling, og dei tyske okkupantane sin bruk av vikingretorikk og vikingssymbol under den andre verdskrigen. Etter 1945 vart vikingssymbolikken kraftig diskreditert, men ute i verda er nok vikingen stadig eitt av dei mest kjende symbola på det norske, eller rettare det nordiske. Vikingkulturen var eit fellesskandinavisk fenomen.

Den norske bonden fekk òg ein viktig plass i nasjonsbyggingsprosessen. Han vart idealisert både i målarkunst og litteratur og sett på som sjølve representanten for det norske.

I turismesamanheng vart òg fortidsromantikken

viktig, kanskje særleg i den tyske marknaden. Der hadde mytiske førestellingar om den felles germanske kulturen fått stor utbreiing på 1800-talet. I desse førestellingane vart rasismen eit stadig sterkare element. Norden – og særleg dei nordiske bøndene – vart sett på som representantar for den reine gamle germanske folkekarakteren.¹⁰ Irrasjonelle førestellingar om folk og germanarar var òg ei viktig drivkraft for keisar Wilhelm II sine mange norgesreiser. I ein tale til kong Oscar II i Christiania i 1890 gav han sjølv eit klart uttrykk for dette:

*Magiske tråder trekker meg mot dette folket. Det er folket som av egen kraft har arbeidet seg fram i en evig kamp med elementene, folket, som i sine sagn og sin gudelære alltid har frembrakt de skjønneste dyder, mannens og kongens troskap. Disse dydene er i høy grad karakteristiske for germaneren.*¹¹

Keisar Wilhelm sin fascinasjon for Norge og hans årvisse besøk til landet kan òg ha hatt ein annan – og meir direkte – betydning for den norske nasjonsbygginga. 1890-åra og åra før 1905 var tida der konflikten om unionen mellom Norge og Sverige toppa seg. Den tyske keisaren sine reiser til Norge styrka nordmennene sitt sjølvmedvit og gjorde unionskonflikten synleg internasjonalt. Sjølv om dette på ingen måte var keisarens intensjon, han støtta svenskekongens krav om at unionen måtte halda fram.¹²

SLUTTORD

Som smakebitane i denne vesle artikkelen har vist, er det mange berøringspunkt mellom turisme og nasjonsbygging. Vi har sett på dette i Norge på 1800-talet, men fenomenet er allment. Turismen må konstruera ein identitet som utlendingar kan sjå, for å gjera dei til potensielle turistgjester. I mange nye nasjonar i dag har

turismen ein tydeleg politisk rolle i danninga av nasjonal identitet. Slik har det t.d. vore i dei baltiske landa Estland, Lativa og Litauen.¹³ I dag er ikkje nasjonsbygging noko sentralt prosjekt i vårt land. Det siste store nasjonsbyggingsprosjektet kan vel seiast å vera dei olympiske leikane på Lillehammer i 1994. Den måten landet vårt vart presentert på då, var ikkje vesentleg annleis enn på 1800-talet. Det var naturen og dei tradisjonelle nasjonale symbola som dominerte presentasjonen av Norge. «Alt urbant, moderne, spraglete, kreolsk og paradoksalt var rensket ut av den offisielle propagandaen, som minnet om de nasjonalromantiske turistmålene som lages for norskamerikanere på ferie i Norge.»¹⁴

«Norway. Powered by Nature» er det offisielle slagordet i marknadsføringa av Norge som turistland i dag. Naturen som det klassiske grunnmotivet står stadig sentralt, medan dei meir kulturelle nasjonale markørane, som dominerte så seint som i 1994, tydeleg er tona ned. No er det *aktivitetar* i naturen som er det store. Sjølv om aktivitetane til dels er andre og fleire enn på 1800-talet, er det vi lokkar med i 2014, eigentleg det same som lokka klatrarar, fjellvandrarar og laksefiskarar til Norge for 150 år sidan.

1. Rune Slagstad: (Sporten): *en idéhistorisk studie*, Pax Forlag, Oslo 2008, s. 17.
2. Rune Slagstad: *De nasjonale strateger*, Pax Forlag, Oslo 1998, s.73. «Et nytt ekspressivt forhold til naturen ble mulig som følge av den instrumentelle fornufts triumf. Slik sett var opplysningsrasjonalismen og romantikken tilordnede bevegelse», s. 75.
3. Frå katalogen til utstillinga. Sitert etter Slagstad (2008), s. 39.
4. Første verset lyder slik:
Norge, Norge,
blånende op av det grågrønne hav,
øer omkring som fugle-unger,
fjorde i tunger
innover did,
som det stilner av.
Elve, dale
følges fra fjællene, skog-ås og li
langelig efter. Straks som det letter,
sjøer og sletter,
helgedags-freden med tempel i.
Norge, Norge,
hytter og hus og ingen borge,
blidt eller hårdt,
du er vort, du er vort,
du er fræmtidens land.
5. Sitert etter Nils M. Knutsen: «Avsides inn i eventyret ligg det». Om reiseskildringer fra Nord-Norge. I *Ottar*, nr. 2, 1989.

6. Peter Fjågesund, Ruth A. Symes: *The Northern Utopia: British Perceptions of Norway in the Nineteenth Century*, Amsterdam/New York 2003.
7. I Aasmund Olavsson Vinje: *Fjellstaven min og andre ferdaskildringer*, utgåve ved O. Midttun, Oslo 1967, s. 57.
8. Oddlaug Reiakvam: *Bilderøyndom, røyndomsbild*, Oslo 1997, s. 103.
9. Frå den tyske geologiprofessor Carl Friedrich Naumann sine oppteikningar etter vandringer i Norge 1822, trykt i *Den Norske Turistforenings Årbog for 1873*.
10. Sjø t.d. Heiko Uecker «Magiske tråder...»: Betrakninger om det tyske bildet av Noreg, http://www.oslo.diplo.de/contentblob/2768470/Daten/856973/69_DownloadDatei.pdf og Hasso Spode: «Nordlandsfahrten. Norwegen als Idee und touristische Destination», i Kinnzler og Tillmann (red.) *Nordlandreise. Die Geschichte einer touristischen Entdeckung*, 2010.
11. Sitert etter Stefan Gammelien: «Wilhelm IIs Norgesreiser», http://www.oslo.diplo.de/contentblob/2768360/Daten/856885/51_DownloadDatei.pdf
12. Same stad. Ifølgje Gammelien rådde Keisar Wilhelm II også svenskekongen til å bruka makt mot Norge for å hindra oppløysing av unionen.
13. Karen Nichols: «Tourism as a Nation-building Tool in the Baltic Republics», i *Middle States Geographer*, 2001, 34:1–9.
14. Thomas Hylland Eriksen i intervju med *Morgenbladet*, 18.02.2011.

HARDANGERS BESKRIVELSE ERLEND NØDTVEDT

jeg ble forvist fra det underdeilige hardanger av hun som sto i kontakt med epler jeg sto forvist på en kai i jondal sto jeg forvist fra landet fra det deilige hardanger ut fra eden jeg ble kastet av hun som var hardingaætt av hun som hadde søljer på brystet hun hadde eplehug hun sto i kontakt med epler men en kveld forbi med ett sto jeg der utenfor det underdeilige hardanger og aldri skulle vel mine lenders epler inngå i brattabøkongens ætt og hager i tre år hadde jeg gått i det underdeilige hardanger og det var snakk om forlovelse før det var forbi med hun som var i kontakt med epler med hun som var av brattabøkongens ætt han jaget bjørn opp hele krossdalen han jaget bjørn han løp over fonn og på fonn fant spyd feste og en fell falt på fonn på fonn fikk blodet renne blødenes røde mot breenes blå og dét blodet var med ett ord utilgjengelig for meg uten jord forvist på kaien om natten i det underdeilige hardanger og fjern var fergens fjord jeg hørte fjerne drønn de hjail fra fjell den jalm fra juv den ljom fra sprekk den steinklang drønne det drønn i dulheim fra de grådige troll der i fjellets midt de som sprenge de skal alltid lage tuneller og er det hardanger som vil ut av seg selv og inn i kvinnherad eller er det kvinnherad som vil inn til hardanger og bli en del av dette glansbildet som daglig river i sjelen dette altfordeilige hardanger og på fire år har jeg kun sett postkortet to ganger og *Offær og Forsoning o hvor findes saadant Sted disse løvbekrandste Tanger med den fromme Hyttes Fred uden i din Herlighed underdeilige*

Hardanger? men her i hardanger finnes kun hverdager og de er grå og de er fulle av regn og bakkene er bratte har du gått i de bakker bratte finnes det større helling enn i det underdeilige hardanger og husene er fuktige og det finnes cider og skiferhellene er fulle av mose og en kveld sklir takhellene ned fra husene fra skykkje og stove skifer sklir fra skykkje og stove skifer sklir fra skykkje og stove skifer sklir fra skykkje og stove akkurat som når rasene går når fjellet kaster seg i fjord og det har gått to år siden jeg hørte om noen som fikk fisk i fjorden på kaien i jondal øker mitt raseri det øker jeg tar farkost farer for meg er det fåfengt å finne flere hus her i det underdeilige hardanger jeg ror hardingens fjord jeg stjeler en båt til strandebarm ror jeg på tangerås står en mann på tunet og jeg får kinck i nakken av å se opp mot de fjell som når som helst rasende kommer *vi har titt nok som born under bergfallet leika tittet opp der dei segjer sprekken skal vera* ror videre jeg ror langsmed fosse jeg leker med fyrstikker jeg svir av disse verdensberømte naustene jeg tar beina fatt og kommer på en jente fra Aksnes hun sa nei en låve går med innover fjorden jeg lusker langs fjorden tar kliv for kliv mot fjell husguden på komponistens kaminhylle den gikk i tusen knas det lukter røyk en hamburger på kaien i norheimsund det brenner visst på Tveitt på Klyve tar jeg en røyk ser broen synger sanger *Sted hvor en fortvivlet Anger føler klart sin Skabers Vælde men ei Giften af sit Bid mere Hjertet at fortære: o da maa vel Stedet være i det deilige Hardanger* nå som det er slutt med hun som står i kontakt med epler må det bli synnøve kvamme jeg må gifte meg med synnøve kvamme med synnøve kvamme ha bryllupsnatt på brakanes hvordan skulle geirr tveitt ha gjengitt lyden av steinrasene der de klinker der de klanke mot mast og over ende går masten det underdeilige hardanger under mast masterekk gjennom li og fylke de mastene skal falle når raset skjer skal mastene falle

men hva er da igjen av det underdeilige hardanger hva er vel det underdeilig hardanger uten mast og bro og bro og tunnel et postkort som viser seg to ganger på to år et sted med bratte bakker og regn og grå skodde og nedlagte fabrikker og nedlagte båtbyggerkoler og fraflytning og kaldt slaps og bratte bakker og svart fjord og bratte bakker og svartere fjord og brattere bakker og sol og apal i blomst jeg ligger under apalen i siderus det er sommer i det underdeilige hardanger og revebjellen lyser og fonnen er blå og odda er vernet og osamanen er på gli og jeg hører en fele der kommer benedicté og annlaug bortover veien og fele men er det ikke budskledd kronebrur synnøve kvamme som åpner hvite porten der borte visst er det synnøve kvamme har hun blomster i hendene hun er kronebrud jeg har solen i øynene i det underdeilige hardanger *som en Glories Straaleære hvormed Høj og Tinde pranger: da forvist det Sted maa være i det deilige Hardanger*

Segla inn i ein fjord.

Landskap speglar seg.

Sjå seg sjølv.

Forstå eit fjell.

Har ein fyrst reke av garde, kjem ein aldri heim.

Det kunne vore ein vanleg dag. Slik dagane er vanlege. Du står opp. Det gjer du. Kvar dag. Ein dag blant dagar. Alle dagar. Kvar einaste dag. Dagen er din. Dagen du er i no. Den er din, denne dagen. Dagen i går jamt med. Vidare alle dagane i resten av livet ditt. Så det kunne vore ein vanleg dag. Slik er dagane vanlege. Dette lyt ein ikkje bekymra seg over. For dei er nettopp dette. Dagane. Heilt vanlege.

Ein slik dag var det nå likevel. Og det som utspelar seg, det er det dagen tilbyr. Dagane sine føresetnader for aktivitet.

Der ligg du. Du ligg tungt pressa ned i ein fjord. Enda ein morgon. Ein vanleg dag. Du ligg djupt pressa ned. Du veit du lyt stå opp. Stå opp frå ei seng. No lyt du stå opp. Og så gjer du det. Ein vanleg dag reiser du deg opp av senga. Dette har du gjort mange gonger. Du gjer det att. Rusten i beina, stiv i ledda, utan senterpunkt, dreg du deg opp av ei kjølig seng. Kroppen reiser seg sakte. Muskelane strammar seg rundt skjelettet. Augene sårt opne for ljøs. Huda hoven. Tunga eit ubehageleg organ i andletet.

Iblant ligg kroppen att. Ein nærmast skliar over til noko anna. Kroppen blir liggjande, medan ein sjølv glir ut av tida. Fyrst trur ein tida går raskare. Då glir eigentleg all tid forbi. Og den tida ser ein forsvinna og bli gjentakingar. Ein nedstemt kjensle av tidløyse. Ei visse om den uendelege gjentakinga i dei minste gjeremål. År etter år. Generasjon etter generasjon. Millionar av år som ikkje er tid. Berre tallause gjentakingar av same gjere-mål kvar einaste dag. Slik har det vore før. Det er slik no. Slik skal det fortsetja.

Så ein prøver å samla seg noko. Kvar einaste dag prøver ein å samla seg. Ein lyt jobba hardt med det. Det er det ingen tvil om. At ein lyt samla seg med dette. I vissa ein har om at kvart einaste sekund har sett augneblinken før. Veven som bind dei evige gjentakingar

saman, er alt reve i frå kvarandre før dei er bundne i hop. Derfor skjer alt som om det har skjedd tidlegare. For det har det. Det forstår seg. Alt har vore før. Det lyt ein ikkje bekymra seg for. Ein lyt arbeida hardt med det. Å forstå dette.

Eg står no opp av ei kjølig seng. Svimmel går eg mot ein spegel. Ein spegel eg må sjå meg sjølv i kvar einaste morgon. Eg ser meg sjølv enda ein morgon. Alle morgonar. Slik står eg evnelaus og stiv i fleire minutt kvar einaste dag. Eg prøver å sjå innover i noko. Bedøm-ma trekka mine. Ved å sjå utover på noko.

Avskyen som stig opp i ein, er alltid den same. Ein vaknar brått i senga. Kvar einaste dag. Desse dagane. Dei same. Det er kaldt i rommet. Ein har fyrst i omnen før ein la seg. Men det er kaldt i rommet når ein vaknar. Det er kaldt i rommet når ein søv. Senga kjølig. Kroppen stiv og uhamslig. Så reiser ein seg opp av ei seng og ser seg sjølv i ein spegel.

Ein dreg seg etter usynelege band. Eit press i ei nerve som dreg deg opp av ei kjølig seng. Og det er dette som er bilete. Korleis er det mogleg for eit menneske å sjå seg sjølv kvar einaste dag, og samstundes tru at ei forandring finn stad. Ein trur ein er midt i denne forandringa og kan sjå tida som den er. Ein ser ein kropp som visnar vekk. Ein kropp i forvitring. Ein rusten kropp i ei tid. Ein kropp som sakte smeltar ned. Kroppsdelar som langsamt fell ifrå kvarandre.

Og når ein står der, med auga halvt lukka. Kvalm, rusten og lutande nakke. Då veit ein at ein skal stå sånn framover. Bøygde med hovudet. For dei stod slik før. Og ein skal stå slik om att, sjølv om det berre er ein vanleg dag. Ein dag blant dagar. Likevel lyt ein stå med bøygde hovud. Kjenna korleis ein sakte glir ifrå kvarandre. Likeins er det med fjella. Dei bøyer seg tungt over sjøane. Slik er kroppen ein bur i, ikkje meir enn eitt landskap pressa inn i ein fjord. Fjellas trugande og høge drag blir

ditt sjelelege ornament. Eit relieff pressa tungt inn i sje-la. Gjennom tusen av år.

Dette relieffet er ei oppriven form i eins indre. Men som med dei fleste ras ned eit fjell, veit ein kor dei går. Ein byggjer murar for å leda rasa. Ein sprengjer fjell for å verna husa vi bur i. Ein byggjer murar så relieffa held dagane i seg. Og nettopp dette er ei forståing ein berre kan bera i seg gjennom å komma frå fjorden. Ein lyt vera fødd inst i ein fjord, under eit bergfall, mellom stein, snø og jordras for å skjøna dette.

Denne forståinga gjer at eg ser like ved noko. Men eg klarar ikkje gripa det eg ser. Eg prøver sjå på meg sjølv. Blikket glir til sida. Og når eg ser ved sida av dette noko, skjønar eg at eg ligg attende i ei kjølig seng. Men eg ligg ikkje der heller no. Eg skjønar kor det har seg. Eg ligg ein annan stad. Eg ligg i eit opprive relieff. Eg ligg djupt ned i ei mark. Eg ligg under eit ras. Eg ligg pressa inn i ein mur. Eg ligg mellom lafteknutar i eit hus. Eg ligg under isen i ein bre. Eg ligg tungt pressa ned i ein fjord.

Vidare går eg ut på tunet. Kvar dag gjer eg dette. Etter å ha stådd udugeleg, veik, svimmel og sett meg sjølv i ein spegel, eller snarare ikkje sett meg sjølv, går eg ut på tunet. Og slik er det, når ein bur her i ein fjord, at ein ser utover. Ein lyt sjå utover. Ein lyt arbeida hardt med det.

Kvar morgon ser eg utover. Eg søkk inn i landskapet der det ligg. Desse vidstrakte berga som søkkjer tungt ned i sjøen. Tidleg ein morgon, ein vindstille dag. Om sumaren. Væta i marka. Dogget i graset. Ein kjølig bris nedst ved sjøen. Dei små variasjonane av lukt i lufta. Disen som tilsrører vikene.

Den som seglar inn i ein fjord, vert hamra inn i fjella. Den som køyrer inn ein fjord, vert kasta mellom dei. Langs fjordane strekkjer steinveggar seg. Steinveggar slyngjer seg langs eggane. Fjordarmar strekkjer seg utover. Djupt søkkjer dei innover og trekkjer seg oppover i

liene. Slyngene av fjordarmar som heile tida beveger seg djupare innover.

Voldeleg kastar fjella ifrå seg sin eigen kropp. Ein-sam kastar fjella seg sjølv ut. Me kallar det ras. Når det rasar som verst inne i fjorden, då foraktar fjella seg sjølv på same måten som me gjer. Kvar morgon me ser oss i ein spegel. Kvar morgon ein ligg i ei kjølig seng. Kvar vanlege dag.

Det er ikkje dei romantiske førestillingane om naturen som skaper grobotn for stemninga i denne fjorden. Det er ikkje det romantiska som pregar oss som bur her. Fossane. Dalane. Skogane. Blåe brear og kvasse nutar.

Det er noko heilt anna som gjer at me kan gå ut i tunet og sjå utover landskapet. Lengje etter ein har stått einsam ein stad, og går der i frå, står ein attende. Nærmast heilt pressa ned i marka. Fyrst i spegelen skal ein sjå seg. Så går ein ut. Og der. Ute på tunet ser ein det. Sjølv om ein har gått der ifrå, ligg ein attende. Djupt pressa ned i tunet. Djupt pressa ned i marka.

Vinter etter vinter. Ein kjenner korleis vëret riv i jorda. Korleis skogane pressast og knekkjast der oppe i lia. Tre veltar over ende. Skogar som er herja med. Ein veit dette. Med vinteren kjem ei prøving. Og ein skal være uthalden. Ein lyt arbeida hardt med det.

Det er i denne stadige kjensla av å vera hamra inn i fjell. Slikt må ein vera fødd med for å skjøna. På same måten som øyfolk ute ved kysten finn tryggleik i eit for-pint landskap, finn me trøyst i opprivne fjell og herja skogar. Det er denne kjensla som riv i meg når eg tenkjer på å reisa heim. Det er denne kjensla som ber meg komma attende. Heim til der eg komme ifrå. Heimfaren.





DEN INDRE TOPOGRAFIENS FORRANG MONA GJESSING

Bente Louise Aas (f. 1958) vokste opp i skogkanten like utenfor Langesund i Telemark. Allerede fra barnsben av næret hun en spesiell kjærlighet til naturen og tegnet gjerne blomster og landskaper så livaktig som mulig.

Da Bente Louise Aas var rundt tre år gammel, arvet familien en bunke gamle Donald-blader av en eldre fetter, og som så mange av oss i generasjonen som vokste opp på 1960/70-tallet, lot hun seg fascinere av det fargerike tegneserieuniverset Andeby: et miljø hvor dyrene inntar roller som mennesker og vekselvis uttrykker seg gjennom avbalansert tale, følelsesmessige utbrudd og store og små fakter. I ettertid vektlegger hun Carl Barks tegninger som formende for hennes kunstneriske løsninger og Barks som en vedvarende inspirasjon.

Bente Louise Aas er imidlertid maler og ikke tegneserieskaper. Hun presenterer kanskje bruddstykker av fortellinger, men, i streng forstand, aldri sammenhengende historier. Hvert bilde er et hele. Stilt foran hennes kvadratiske, små malerier i en tilsynelatende enkel og naiv stil, fornemmes likevel et bindeledd bildene imellom. Bindeleddet er dobbeltsidigheten i det kunstneriske uttrykket: den tette sammenvevingen av komikk og fortvilelse. Til tross for Aas' interesse for og dype kjærlighet til naturen blir maleriene til på atelieret. I overgangen fra barn til voksen ble interessen for å gjengi den ytre virkelighet gradvis overtatt av den voksende interessen for å utforske den indre. Etter at en av de kvadratiske, små huntonitplatene i størrelse A5 er grundert, holder

Aas trefiberplaten i den ene hånden og maler på denne med den andre. Sjelden gjøres det bruk av skisser, men et figurativt, romantisk-naturalistisk forankret landskapsformular ligger alltid i bunnen: himmel, jord og en eller annen form for identifikasjonspunkt. Et tre, et hus, et dyr, et fartøy. Forgrunn, mellomgrunn og bakgrunn. En klar todeling mellom himmel og jord. Uten tvil føles grunnleggende trekk ved et vestlig, romantisk-naturalistisk maleri som et relevant utgangspunkt for Aas. Hennes figurative «skjema-maleri» er – og det er verdt å huske på – valgt på fritt grunnlag blant mange mulige alternativer, og gjennom nettopp dette formspråket formidler hun sine historier på en overbevisende måte. I en tid hvor mange kunstnere velger å jobbe sjangeroverskridende og gjerne kollektivt, står Aas fast ved sin måte, den gammeldagse måten: alene på atelieret med maleriet.

Ofte er himmelrommet dominant i bildene – store deler av bildeflatene er dekket av himmel – men som betrakter fornemmes en manglende tillit til en guddommelig immanens i denne sfæren. Heller ikke i malerienes øvrige sjikt, verken i fjellformasjoner, urbane miljøer eller ute i skog og mark, finnes spor av en slik tillit. De antropomorfe, menneskelignende, gestaltene som finnes i forgrunnen av komposisjonene; bildenes klare identifikasjonspunkter – det være seg trær, bygninger eller ikke fullt ut forklarlige figurer – avspeiler en undrende og avventende holdning. Ingen snakkebobler, ingen forklarende tekster i maleriene. Bildenes knappe titler røper heller ikke for mye: «Soloppgang», «Mørke tider», «Opptrekkende uvær», «Natt i skogkanten» og «Søndag ettermiddag». Nøkterne titler knyttet opp mot en bestemt tid på døgnet, en av årstidene eller ulike værforhold skaper imidlertid en vittig kontrast til de ellers tunge, eksistensielle motivene.

Himmelen er, som nevnt, gitt stor plass i hvert av

bildene og himmelfargene går gradvis over i hverandre i finstemte modulasjoner. I de to siste årenes produksjon ser vi hos Aas en intensivert interesse for det rent maleriske og mediespesifikke. Ikke bare er himmelhvelvene mer nyanserike enn tidligere, også bygninger og trær er åpenbart bearbeidet på en mer inngående måte enn før. Det lover godt for den videre produksjonen.

I Aas' bilder figurerer gjerne bygninger og brakker, noen ganger med lys i et og annet vindu, noen ganger uten tegn til å være bygninger i bruk. Bygningene er ikke storslått plassert i et sentralperspektiv, men figurerer langs billedkantene, gjerne nederst i billedflaten og litt ut på siden. Et eksempel fra den aktuelle utstillingen er den sylindervede bygningskroppen nederst i venstre hjørne i «Mørke tider». Bygningen er så vidt artikulert og røper ikke noe om sin bruksfunksjon. Den rasjonelle romgestaltningen er brutt, noe som i seg selv vekker en viss uro. I følge symbollæren kan et tre personifisere en guddom eller endatil være Guds talerør. I Bibelen kan man, for å nevne et eksempel, lese om hvordan Gud talte til Moses via en brennende tornebusk. Aas, på sin side, taler til betrakteren gjennom malte fremstillinger av inntørkede brune trestammer, amputerte kvister og grener, trær fullstendig uten prakt, ribbet for sitt friske og grønne bladverk, uten sine klebrige, velduftende, mørkegrønne barnålsmaner. Trærnes menneskelignende gestikk – grenenes åpenbare likhet med armer, de vertikale stammens kongruitet med oppreiste mennesker og så videre – vekker umiddelbart en assosiasjon til ens egen kropp i verden.

På surrealistisk vis glir natur og kultur sømløst over i hverandre i Aas' billedverden, og elementer fra kulturen er plassert ut i naturen og vice versa. I «Utenfor byen III» står en enkel krakk med et turkis skaitrekk på to, tynne stålrørsben ved siden av et skjevt, inntørket

tre. Bak de svarte fjellene plassert langt inn i bildet er himmelen lysende grønn, og atmosfæren er spent og merkverdig. For å si det slik: den vesle, tobeinte krakken ser ut som om den hvert øyeblikk kan ta beina fatt og springe av gårde. I «Utkant» henger, for å nevne et annet eksempel, en lysende rød postkasse på en uttørket trestamme på et avsidesliggende høydedrag med en storslått utsikt over fjell og daler. Garantert utenfor Posten Norges distribusjonsruter. Postkassen ser da heller ikke ut som om den er bygget for å motta private brev og vinduskonvolutter fra det offentlige, men skriker formelig etter et sendebud iført hjelm og bevingede føtter, en overjordisk gestalt, helst med en oppklarende beskjed fra oven.





ET STED I DET BLÅ NI TEKSTFORSØK TIL PATRIK ENTIAN ALEKSI WILDHAGEN

TEKSTFORSØK #2 (15.01.2014)

Er poteter poteter

J.C. Dahl er død. Det er jeg glad for. Bildene er. Det spiller ingen rolle hva du maler.

Det finnes et bilde av Harald Kihle på Nasjonalgalleriet. Jeg husker ikke hva bildet heter. Det er ganske lite, grått og mørkt. Jeg ser en landevei som snor seg langs fjellene. Perspektivet er ovenfra og ned. Det er muligens malt på trettitallet. Bildet kommuniserer noe av stemningen i landet på den tiden. Jeg tar nok feil i et kunsthistorisk perspektiv, det bryr jeg meg lite om, jeg har rett. Patrik har malt noen poteter i en kasserolle. Jeg bryr meg lite om kasseroller og poteter. Jeg bryr meg om bildet. Det er mer enn fint. Det krever sin egen rett.

Motiv-aldri-solo-for-innhold.

TEKSTFORSØK #7 (22.01.2014)

Studioarbeid

Det er rart dette; han fordypet seg mange år via nettet gjennom en skjerm, så en stripe landskap på andre siden av jorden. Han tok oppgaven, han fikk lønn, de ville ha resultatene og tankene hans som konklusjoner. Jeg tror hans funn er at man skal være varsom med å konkludere kunstnerisk utviklingsarbeid. Jeg nøyer meg med å konkludere ham fri.

Etter en regatta i stiv kuling, med sin 90 år gamle nabo, ble han senere funnet naken og besvimt med hodet ned i en pappeske på badet. De vant. Jeg ler høyt og bekymret hver gang etterpå. Han besvimer fra tid til annen. Det er vel slik han kalibrerer syn og tankegods.

TEKSTFORSØK #6 (21.01.2014)

Beitemark på avstand omkranset av fjell

Hei,

En av mine inngangsporter til kunst går gjennom det store landskapet til J.C. Dahl som henger på Nasjonalgalleriet i Oslo. Detaljene og perspektivforståelsen er så godt forklart gjennom proporsjonsforskningene. Det er majestetisk å stå foran. Fotografer har lenge etterlignet denne type detaljfanging. Som regel uten å få til en slik forståelse av luft og rom. Som fotografier bestående av mange bilder, er det også her snakk om mange bilder i bildet. Det er ofte slik at man godtar feil i fotografier fordi man uansett ser de som representasjoner av virkeligheten, men luft er vanskelig i fotografi, objekter er vanskelig i fotografi, fotografi er vanskelig. Fotografiet er på mange måter fanget i sin flatet. Det er sjelden et foto kan lage rom i like stor grad som et maleri. Å få til luft i tykk oljemaling er noe annet enn luft

i blekk på papir eller på annet underlag. Det sier seg selv at sistnevnte er en forenkling.

Fotografiet har representasjonsfordeler, deri ligger dets styrke. Når man ser på fotografier bør man merke seg at dets estetikk er fanget i motivet. Det kan være en fordel og en ulempe. Gjennom å arbeide med maleri transformeres motivet manuelt. Maleriet har således den subjektive tilstedeværelsen i langt større grad. Motivets blir forskjøvet og tilført noe mer. Dette bør ikke kalkuleres frem, slik eksempelvis Håkon Bleken bestyrer sin pengemaskin.

Noen burde forsøke å lage et byggverk (kamerahus) med mange ansatte (kunstnere) inni. Flere store utskiftbare vinduer (linse og film), plassere byggverket eksempelvis der dette bildet jeg innledningsvis (og i skrivende stund lar være å se på, men) skriver om. Varierende eksponeringstid. Hva blir resultatet. Det er kanskje noe av det utstillingen du er med på nå Patrik forsøker å gjøre. La oss si det. Liker intensjonen. Kanskje vi skulle lage et slikt hus.

Og hvorfor Håkon Bleken, jo; Håkon kan male, ingen tvil, men Håkon tenker for mye når han maler. Den siste virkelige maleren, ja, vel, det er du ikke. Det er for så vidt mange elendige malere i dag, noen med store forbedringspotensialer. Håkon har utnevnt seg til malerfar i Norge og fortjener således i sin selvforherligelse et tupp i leggen, intet mer, intet mindre, et tupp i leggen, våkne opp, mann, du kan male, ikke forsøk, gjør det. Kull.

Dine poteter Patrik, sol og måne, har mer for seg enn alskens ishockeyspillere og arker Bleken later til å tro på, disse arkene og hockeybildene er ikke annet enn platte gjenferd fra en grå sjel av kull, omtrent som den fordrukne Nupen og hans blå, han er virkelig fortapt, han

er det vraket han avbilder i en tåpelig grid. Fy, Kjell, du skulle skamme deg. Håkon og Kjell, de hører sammen. En dag sitter de i samme båt, båret av sted på en bølge over horisonten, og borte var de, mens du surfer på en strand omgitt av glade barn, får jeg være med.

TEKSTFORSØK #3 (16.01.2014)

Jeg er brød og jeg er bacon

Namedropping er feigt. (Enig, men Wildhagens tekst består knapt av noe annet.)*

Snillhet forveksles med naivitet. Ydmykhet forveksles med svakhet. Misforståelsen er idiotisk.

Eksisterer tid uten sted. Før var tiden flyktig og stedet nærliggende, nå er stedet fraværende og tiden oppbrukt.

Det meningsløse-viktig-gi mening.

Vil du synke til bunns med ditt ego, du har alle svarene og fortsatt synker du, hva glemte du og hvor er du på vei, er du forkrøplet innvendig, har du ikke opprettet en korrespondanse mellom det indre og det ytre, fortsett å synke, fortsett å synke, ikke tenk tenk, ikke tenk tenk, ikke tenk tenk, ikke tenk tenk, ikke tenk tenk, ikke tenk tenk.

Malte en sol fra andre siden av jorden gjennom en skjerm. Det er den aller første solen, alene og uten tid, den har alltid vært der, jeg har sett den inni meg. Den er glemt. Takk for den Patrik.

*Korrekturlesers merknad

TEKSTFORSØK #4 (17.01.2014)

Gullkorn

Om alt det menneskeskapt ble lagt i ruiner, hvor ville jeg begynt. Jeg tror jeg ville begynt med trær, blitt mer kjent med dem, lært meg trær. Jeg ville ha ryddet land, funnet leire og vann.

Hvor var du da muren falt, under den, svarte han.

Det er ikke noe poeng i å male. Det er ikke noe poeng i å leve.

Du må ut og møte Verden, vet du.

Ut å pule Verden, ut å pule Verden, Verden venter.

Hvor lenge takler du å stå stille. Hvor hurtig kan du utvikle deg. Vil du utvikles, eller resignerer du. Hvor gammel er du når du sover. Er det bedre å tenke kjapt. Om du er treig og ikke henger med, betyr det at du kommer senere. Er resultat viktigere enn erfaring. Kan du erfare uten å resultere. Er resultatets funksjon å vitne om tid.

Må man tenke for å bli klok. Er det bedre å være lur enn klok. Er folk lure i dag, jeg er glad de ikke er kloke også.

Om du parer lur og klok, blir du utspekulert.

TEKSTFORSØK #5 (20.01.2014)

Månen er fysisk

Har du blitt kåt av et landskap.

Er verden veldig alvorlig med vilje. Vanlige folk er verst. Jeg elsker de mislykkede enda verre.

Patrik seiler.

Du har malt månen på andre siden av jorden gjennom en skjerm. Jeg har den hjemme. Månen ser ut til å være veldig bevisst plassert. En liten del kommer ikke med på bildet. Den er påført med palettkniv. Den er tri-viell fordi den er feil, både i plassering og fysisk. Akkurat derfor får den meg på alvor til å tenke på månen. Du har påført et tykt sjikt maling på en slik måte at jeg ikke tenker på månen som et himmellegeme, men ren materie og lys. Jeg ser jo at den er der. Du foreslår at den finnes. Det er veldig godt gjort. Og hva er månen laget av, jeg vil vel for faen ikke ha svaret på det, oljemaling.

TEKSTFORSØK #8 (23.01.2014)

Biffsnadder Norge

Det kjønnsnøytrale er en hildring. Kjønn trenger ikke nøytralitet, kjønn trenger identitet.

Den norske kultur, grunnbestanden er forvirring. Vi forgriper oss på tid i en gassende kjøtttrus. Nasjonen begikk det feilskjær å tro den eier tiden fordi vi har idéen om frihet paret med penger, vi har olje. Du er ikke mer enn landskapet rundt deg, det burde være tilstrekkelig. Du burde ikke være stolt av oljen din, du burde være stolt av tuntreet ditt.

Vann har vi nok av. Det finnes ikke frihet her. Nasjonen er redusert til penger og konsepter. Folk gir faen, ingen tilhører. Feilen lik den fra før, blind tro på nåtid, tonedøv til fortid.

Obligatoriske øvelser burde innføres i den norske skole og ved samtlige offentlige og private institusjoner, anstalter og bedrifter: alle må lære seg å klatre i trær, grave med bare nevene, bade i fisk og leke gjemsel. Slik kan vi begynne å bygge opp en konstruktiv nasjonal identitet.

Vi behøver ro, det er ikke typisk norsk å være god

TEKSTFORSØK #9 (24.01.2014)

Jeg tømmer drinker før isen rekker å smelte, de voksne burde skamme seg

Amerika-modellen appellerer til folk flest. Galleriene gjør seg lekke og sexy lik horer for kapitalen. Nyheter er underholdning. Det meste av det faktabasert porno for netthinne og hjernevev. Visuell grusomhet settes høyt.

Den mediale verden er i hovedsak bygget opp rundt mannens forgodtbefinnende og rundt mannens interesser. Jeg elsker nakne damer. Gjensidig respekt er fraværende, noen er mindre verdt enn andre. En pen kropp, lukt av kjønn, hud, jeg vil besitte den, kle meg i den, være den, ja, oppslukes. Skulle ønske jeg var dame.

«Man måste jo bjuda lite.»

Isen smelter, vi feierer, som et trashparty hvor alt skal jevnes med Jorden.

Titanic.

Så lei så lei. Solen og jorden.

TEKSTFORSØK #1 (14.01.2014)

Ekte kunstnere lever utenfor tiden

P., regler


1. Vindretning
2. Sted
3. Destinasjon


Hei,

Når jeg tenker etter, har jeg i grunnen alltid vært forsinket og for sent ute, målt med dagens standard, vel å merke, eller målt med den gjeldende standard for hvis tid jeg var for sent ute til. Jeg navigerer etter tid, alltid i ettertid.


Patrik navigerer etter andre standarder. Hans eksistens styres av et bevisst forhold til det omkringliggende. Tid er overvurdert, oppbrukt og bortkastet. Tid er overflødig. Tid er ikke virkelighet, sted er. Vær til stede.

Hørt det skal være lurt å by på seg selv, Satan jeg kommer, takk Patrik.









«STOLTE SETUA- SJONER»

HARALD FENN - LARS KORFF LOFTHUS - BENTE LOUISE
AAS - INGRID TOOGOOD - PATRIK ENTIAN - CHRISTINE
HANSEN - AAGE ENGESETER - ARVE RØD - MONA
GJESSING - LINE ULEKLEIV - ALEKSI WILDHAGEN -
FRODE GRYTEN | ERLEND NØDTVEDT - LEANDER
DJØNNE - ANNE VIKEN - ARILD H ERIKSEN

ISBN 978-82-92965-03-0



9 788292 965030